



Innst. S. nr. 89

(2006-2007)

Innstilling til Stortinget fra forsvarskomiteen

St.prp. nr. 19 (2006-2007)

Innstilling fra forsvarskomiteen - Om endringar i løyvingar o.a. i forsvarsbudsjettet for 2006

Til Stortinget

1. SAMMENDRAG

1.1 Formål og hovedoversikt

I denne proposisjonen legg Regjeringa fram forslag om visse endringar i løyvingar i forsvarsbudsjettet for 2006. Siktemålet er å skape best mogeleg samsvar mellom løyvingane under dei einskilde kapitla og postane, og dei endringane i budsjettføresetnadene som har skjedd sidan forsvarsbudsjettet for 2006 vart utarbeidd.

Hovudelementa i omgrupperingsproposisjonen tek mellom anna føre seg den vedtekne flyttinga av regionale støttefunksjonar (RSF) frå greinkapitla til kapittel 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon (FLO), jf. Innst. S. nr. 234 (2003-2004) og St.prp. nr. 42 (2003-2004). Vidare formaliserer proposisjonen den varsle auken på kap. 1792 Norske styrkar i utlandet i samband med flytting av leiren i Meymaneh (Afghanistan), for å betre tryggleiken for dei norske styrkane, jf. Revidert nasjonalbudsjett 2006; tilleggsløyvinga til bidraget til UNIFIL II; samt overføring av budsjettansvaret for rabattavtale for vernepliktige frå greinkapitla til kap. 1740.

Omgrupperingsproposisjonen for 2006 tek vidare vare på formaliseringa av lønnskompensasjonen for

2006 og formalisering av meirinntekter. Totalt sett utgjer omgrupperinga ein auke i løyvinga til Forsvarsdepartementet på 265 mill. kroner.

1.2 Tilleggsløyvingar

Norsk bidrag til UNIFIL II

I samsvar med FNs tryggingsråd sin samrøystes resolusjon 1701 av 11. august 2006, mottok Noreg ei formell oppmoding frå FN om å bidra med maritime kapasitetar, og tilbaud eit bidrag bygd opp kring fire missiltorpedobåtar (MTB-ar). Regjeringa stadfestar etter komitéhøyringar i Stortinget deltakinga med fire MTB-ar og naudsynte støtteelement gjennom kgl.res. av 29. september 2006. Totalt utgjer det norske styrkebidraget rundt 150 personar.

Meirkostnadene for bidraget er både personellrelaterte og knytte til materiell, vedlikehald, deployering og kjøp av varer og tenester etc. Totalt er det no rekna ut at bidraget vil koste 25 mill. kroner i 2006.

I denne proposisjonen vert det fremja forslag om tilleggsløyving av 25 mill. kroner for 2006.

1.3 Grunnlaget for omgrupperinga

1.3.1 Økonomisk grunnlag

Grunnlaget for omgrupperinga er vedtatt budsjett for 2006, dei seinare endringane gjort av Stortinget, og midlar ført over frå 2005. Det er og tatt omsyn til forsvarssektoren sin del av lønnskompensasjonen for 2006 (301,990 mill. kroner).

Tabell 1.1 Faktisk løying på utgiftssida, før omgruppering 2006, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Vedtatt budsjett 2006	30 610 218
St.prp. nr. 65 (2004-2005) Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet medregnet folketrygden 2006 (RNB), jf. Innst. S. nr. 240 (2004-2005).	19 678
St.prp. nr. 70 (2004-2005) Om endringar i Regulativ for tillegg o.a. til utskrivne vernepliktige mannskap og om endring i gradsnivå for militære embete ("soldatproposisjonen"), jf. Innst. S. nr. 274 (2004-2005).	12 503
Lønnsregulering for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.	301 990
= Faktisk løying før omgruppering	30 944 389
+ Midlar ført over frå 2005	1 105 500
= Disponible midlar i 2006 før omgrupperinga	32 049 889

Tabell 1.2 Disponibel løying på inntektssida, før omgruppering 2006, kjem fram slik (i 1 000 kroner):

Vedtatt budsjett 2006	1 003 452
= Løyvingar før omgruppering	1 003 452

1.3.2 Inntekter i 2006

I høve til vedtatt budsjett for 2006 er det ei netto meirinntekt (brutto meirinntekter minus mindreinntekter) på 240 mill. kroner som er foreslått lagt til utgiftssida. Det vert i denne samanhengen vist til Forsvarsdepartementet sin meirinntektsfullmakt i St.prp. nr. 1 (2005-2006) under vedtak II.

Tabell 1.3 Løyvingsbehov på utgiftssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1000 kroner):

Auke på utgiftssida grunna meirinntekter førde til utgiftssida	240 000
+ Tilleggsloøyvingar	25 000
= Sum behov ved omgrupperinga	265 000
+ Løyvingar før omgrupperinga	30 944 389
= Samla løyvingar etter omgrupperinga	31 209 389
+ Midlar ført over frå 2005	1 105 500
= Samla disponible midlar i 2006 etter omgrupperinga	32 314 889

Tabell 1.4 Løyvingsbehovet på inntektssida i samband med omgrupperingsproposisjonen vert slik (i 1 000 kroner):

Løyvingar før omgrupperinga	1 003 452
Meirinntekter	240 000
= Løyvingar etter omgrupperinga	1 243 452

Regjeringa foreslår på denne bakgrunn, under forslag til vedtak, at utgiftsramma vert auka med 265 mill. kroner og at inntektsramma vert auka med 240 mill. kroner.

1.3.3 Utgifter

Tala i tabellane nedanfor syner netto endringar på dei ulike postane. Utgiftstabellen er inklusiv fordeling av meirinntekter.

Tabell 1.5 Postfordeling utgifter (i 1 000 kroner)

Post	Formål	Mindreutg.-/ Meirutg.+
1	Driftsutgifter	634 652
43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet	-20 000
45	Store nyskaffingar	-820 000
47	Nye bygg og anlegg	417 848
50	Overføringer Statens Pensjonskasse	58 000
70	Renter låneneordning	-5 500
Sum		265 000

1.3.4 Inntekter

Tabell 1.6 Postfordeling inntekter (i 1 000 kroner)

Post	Formål	Mindreinnt. -/ Meirinnt.+
1	Driftsinntekter	329 000
45	Store nyskaffingar	0
47	Sal av eigedom	-89 000
48	Fellesfinansierte byggje- og anleggsinntekter	0
90	Lån til bustadføremål	0
Sum		240 000

2. HOVUDTREKK VED DEI STØRSTE UTGIFTS- OG INNTEKTSENDRINGANE PÅ POSTNIVÅ

2.1 Utgifter

Den totale utgiftsramma er auka med 265 mill. kroner. Driftsbudsjettet er totalt foreslått auka med 667 mill. kroner, medan investeringsbudsjettet er foreslått redusert med 402 mill. kroner.

Nedanfor er dei største og viktigaste endringane forklart på post- og kapittelnivå.

Post 1 Driftsutgifter

Post 1 er foreslått auka med totalt 634,7 mill. kroner.

Posten er foreslått tilført 329 mill. kroner i meirinntekter, i hovudsak frå kap. 4733 Luftforsvaret og kap. 4740 Forsvarets logistikkorganisasjon. Vidare er posten tilført 25 mill. kroner i samband med norsk bidrag til UNIFIL II og 13 mill. kroner er foreslått nytta til å finansiere meirbehov som er spesifisert under pkt. 2.1.2. I tillegg er posten auka med 5,5 mill. kroner i samband med ei teknisk justering grunna ei feilposting på post 70 i 2005, ei teknisk justering mot andre postar som samla gir ein auke på 8 mill. kroner, samt 360 mill. kroner i samband med balansering av drivstoffbeholdningane i Forsvaret.

Omdisponeringane frå posten gjeld 58 mill. kroner til finansiering av utgifter over post 50 Statens Pensjonskasse, 4,8 mill. kroner i samband med forlegnings- og kontorbehov på Ørland hovudflystasjon, samt 43 mill. kroner til post 47 i samband med utgifter til investeringar i ny leir i Afghanistan (Meymaneh), jf. Revidert nasjonalbudsjett 2006.

Elles er det gjort omdisponeringar mellom kapittel/postar basert på analysar og vurderingar, inkludert prognosar. Ein vesentleg del av endringane mellom kapitla skuldast tekniske justeringar for å oppnå budsjettmessig samling av Regional støttefunksjon (RS) under kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon. Dette er ein omorganisering som er i samsvar med vedtatt langtidsplan for Forsvaret (Innst. S. nr. 234 (2003-2004), jf. St.prp. nr. 42 (2003-2004). Følgjande vesentlege endringar er gjort på dei einskilde kapitla:

Kap. 1700 Forsvarsdepartementet

Kapitlet er foreslått auka med 8,7 mill. kroner. Auken skuldast meirbehov i samband med oppretting av

Granskingsutvalet for IKT-kontraktar (7 mill. kroner) og Forsvarspolitiske utval (1,7 mill. kroner).

Kap. 1719 Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet

Kapitlet er foreslått redusert med 33,4 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak omdisponeringar til kap. 1792, post 47 Norske styrkar i utlandet i samband med utgifter til investeringar i ny leir i Afghanistan (Meymaneh).

Kap. 1720 Felles leiings- og kommandoapparat

Kapitlet er foreslått redusert med 239,8 mill. kroner.

Reduksjonen skuldast i hovudsak omdisponeringar i samband med finansieringa av meirutgifter til Statens Pensjonskasse (58 mill. kroner), auka drivstoffprisar for Kystvakta (4 mill. kroner), samt ei teknisk justering i samband med reindyrkinga av kap. 1720 og 1725 som vart utført i 2006 (155,1 mill. kroner). Vidare vert det foreslått ei omdisponering av 62,3 mill. kroner til kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon grunna overføring av budsjettansvar for RS. I tillegg er det gjort tekniske justeringar mot andre kapittel, som samla gir ein reduksjon på 3 mill. kroner.

Kapitlet vert foreslått tilført midlar i samband med naudsynt styrking av tenesta ved Joint Air Operation Centre ved Fellesoperativt hovedkvarter (FOHK) (1 mill. kroner), flytting av budsjettansvar for vernepliktige ved FOHK (19 mill. kroner), samt teknisk justering grunna ei feilposting på post 70 i rekeneskapen for 2005 (5,5 mill. kroner). Vidare er kapitlet tilført midlar til sertifisering av forsvarspersonell for samlivskurs (0,08 mill. kroner), samt 17 mill. kroner i meirinntekter grunna refusjon av tsunami-utgifter i 2006. Innlepta hadde ein tilsvarande utgiftspost i 2005.

Kap. 1725 Fellesinstitusjonar og utgifter under Forsvarsstaben

Kapitlet er foreslått auka med 206,8 mill. kroner.

Kapitlet er m.a. tilført midlar i samband med overføring av budsjettansvar for garnisonshelsetenesta og Forsvarets informasjonssystem/forvalting (FIS/F) frå greinkapitla (175 mill. kroner), overføring av budsjettansvar for drift, vedlikehald og utvikling i GOLF-/LOS-programmet (83 mill. kroner), samt ei teknisk justering i samband med reindyrkinga av kap. 1720 og

1725 som vart utført i 2005 (155,1 mill. kroner). I tillegg er det gjort tekniske justeringar til og frå kapitlet, som samla gir ein auke på 3,7 mill. kroner.

Omdisponeringane frå kapitlet gjeld i hovudsak overføring av budsjettansvar for RS, rabattavtale for vernepliktige til kapittel 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon (182 mill. kroner), auka drivstoffprisar for Kystvakta (8 mill. kroner), samt ein høgare del av vedlikehaldskostnader enn budsjettet på kap. 1791 Redningshelikoptertenesta (20 mill. kroner).

Kap. 1731 Hæren

Kapitlet er foreslått redusert med 443,2 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak tekniske flyttingar.

Kapitlet er m.a. redusert i samband med overføring av budsjettansvar for RS, samt rabattavtale for vernepliktige, til kapittel 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon (354,6 mill. kroner). Vidare skuldast reduksjonen overføring av budsjettansvar for garnisonshelsenesta og Forsvarets informasjonssystem/forvalting (FIS/F) (86,8 mill. kroner), overføring av budsjettansvar for Landsskytterstevnet 2006 til kap. 1734 Heimevernet (1,9 mill. kroner), samt overføring av budsjettansvar for rekruttutdanning til kap. 1732 Sjøforsvaret (5 mill. kroner). I tillegg er det gjort tekniske justeringar til og frå kapitlet, som samla gir ein auke på 5,1 mill. kroner.

Kap. 1732 Sjøforsvaret

Kapitlet er foreslått redusert med 143,6 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak tekniske flyttingar.

Kapitlet er m.a. redusert i samband med overføring av budsjettansvar for RS, samt rabattavtale for vernepliktige, til kapittel 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon (76,3 mill. kroner). Vidare skuldast reduksjonen overføring av budsjettansvar for garnisonshelsenesta og Forsvarets informasjonssystem/forvalting (FIS/F) (44,2 mill. kroner) til kap. 1725, overføring av budsjettansvar for vernepliktige ved FOHK til kap. 1720 (19 mill. kroner), samt overføring av budsjettansvar for ulike utdanningsoppgåver til kap. 1790 Kystvakta (8,5 mill. kroner). I tillegg er det gjort tekniske justeringar til og frå kapitlet, som samla gir ein reduksjon på 0,6 mill. kroner.

Kapitlet er tilført midlar i samband med overføring av budsjettansvar for rekruttutdanning frå kap. 1731 Hæren (5 mill. kroner).

Kap. 1733 Luftforsvaret

Kapitlet er foreslått redusert med 258,7 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak tekniske flyttingar.

Kapitlet er m.a. redusert i samband med overføring av budsjettansvar for RS, samt rabattavtale for vernepliktige, til kapittel 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon (246,4 mill. kroner), samt overføring av budsjettansvar for garnisonshelsenesta og Forsvarets informasjonssystem/forvalting (FIS/F) (38,4 mill. kroner). Kapitlet er vidare redusert grunna overføring av midlar til kap. 1792 Norske styrkar i utlandet i samband med forlenging av oppdraget til P-3 Orion i Operation Active Endeavour (15 mill. kroner), overføring

av budsjettansvar for mellom anna utdanningsaktivitetar til kap. 1734 Heimevernet (8,4 mill. kroner), samt ein høgare del av vedlikehaldskostnader enn budsjettet på kap. 1791 Redningshelikoptertenesta (18,8 mill. kroner). I tillegg er kapitlet redusert i samband med naudsynt styrking av tenesta ved Joint Air Operation Centre ved FOHK (1 mill. kroner), samt at det er gjort tekniske justeringar på kapitlet som gir ein reduksjon på 5,7 mill. kroner.

Kapitlet er tilført 75 mill. kroner i meirinntekter grunna omlegging av faktureringsrutinar i samband med kjøp og sal av tenester med AVINOR.

Kap. 1734 Heimevernet

Kapitlet er foreslått redusert med 83,7 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak tekniske flyttingar.

Kapitlet er m.a. redusert i samband med overføring av budsjettansvar for RS, samt rabattavtale for vernepliktige, til kapittel 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon (65,2 mill. kroner). Kapitlet er vidare redusert grunna overføring av budsjettansvar for garnisonshelsenesta og Forsvarets informasjonssystem/forvalting (FIS/F) til kap. 1725 (5,5 mill. kroner), samt for å dekke ymse meirbehov på andre kapittel og postar (25,1 mill. kroner).

Kapitlet er tilført midlar grunna overføring av budsjettansvar for mellom anna utdanningsaktivitetar frå kap. 1733 Luftforsvaret (8,4 mill. kroner), overføring av budsjettansvar for Landsskytterstevnet 2006 (1,9 mill. kroner), samt budsjettansvar for grunnutdanning av sesjonsassistentar (1,5 mill. kroner). I tillegg er det gjort ei teknisk justering som gir ein auke på 0,3 mill. kroner.

Kap. 1740 Forsvarets logistikkorganisasjon

Kapitlet er foreslått auka med 1 588,6 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak tekniske flyttingar.

Kapitlet er m.a. auka i samband med overføring av budsjettansvar for RS, samt rabattavtale for vernepliktige, frå fleire kapittel (1 000,7 mill. kroner). I tillegg er kapitlet tilført 233 mill. kroner grunna meirinntekter. Også denne endringa er av teknisk karakter, og skuldast i hovudsak sal av drivstoff til allierte på øving i Noreg. Meirinntekta har ei tilsvarende ikkje-budsjettet utgiftsside i 2006. Vidare er kapitlet tilført 360 mill. kroner i samband med balansering av drivstoffbeholdningane i Forsvaret.

Kapitlet er redusert grunna overføring i samband med forlegnings- og kontorbehov på Ørland hovudflystasjon (4,8 mill. kroner), samt at det er gjort ei teknisk justering på kapitlet som gir ein reduksjon på 0,3 mill. kroner.

Kap. 1760 Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg

Kapitlet er foreslått redusert med 78,7 mill. kroner.

Kapitlet er redusert i samband med overføring av eigedom, bygg og anlegg tilhøyrande RS (13,9 mill. kroner), overføring av budsjettansvar for drift, vedlikehald og utvikling i GOLF-/LOS-programmet til kap. 1725 (83 mill. kroner).

Kapitlet er tilført midlar for å styrke gjennomføringskapasitet innanfor investeringsprosjekt i Forsvaret (18,2 mill. kroner).

Kap. 1790 Kystvakta

Kapitlet er foreslått auka med 20,5 mill. kroner. Auken skuldast i hovudsak høgare drivstoffutgifter (12 mill. kroner), samt overføring av budsjettansvar for ulike utdanningsoppgåver frå kap. 1732 Sjøforsvaret (8,5 mill. kroner).

Kap. 1791 Redningshelikoptertenesta

Kapitlet er foreslått auka med 38,8 mill. kroner. Auken skuldast ei større vedlikehaldspakke som må utførast etter ei bestemt mengd flytimar. Denne kostnaden vart ikkje overført med rammeoverføringa til Justisdepartementet, og er foreslått betalt over Forsvarsdepartementet sitt budsjett i 2006.

Kap. 1792 Norske styrkar i utlandet

Kapitlet er foreslått auka med 51,4 mill. kroner.

Kapitlet er m.a. tilført midlar i samband med norsk bidrag til UNIFIL II (25 mill. kroner), forlenging av oppdraget til P-3 Orion i Operation Active Endeavour (15 mill. kroner), samt støtte til gjennomføring av NATOs toppmøte i Riga (5,1 mill. kroner). Kapitlet er vidare tilført midlar i samband med styrking av tryggleiken til norske styrkar i Meymaneh (39,5 mill. kroner), samt språkopplæring i albansk (7 mill. kroner). I tillegg er det gjort tekniske justeringar til og frå kapitlet, som samla gir ein auke på 2,8 mill. kroner.

Post 1 på kapitlet er redusert med 43 mill. kroner i samband med utgifter til investeringar i ny leir i Afghanistan (Meymaneh). Midlane er overført til post 47 på same kapitlet.

Kap. 1795 Kulturelle og allmennyttige formål

Kapitlet er foreslått auka med 1 mill. kroner grunna ymse meirbehov på kapitlet.

Post 43 Til disposisjon for Forsvarsdepartementet

Posten er foreslått redusert med 20 mill. kroner. Løyvinga representerer ein reserve for Forsvarsdepartementet som er foreslått nyitta til å dekkje ymse meirbehov på andre kapittel og postar, mellom anna økonomisk støtte til Stiftelsen Militærhistorisk Forum Østlandet (2,25 mill. kroner), støtte til gjennomføring av NATOs toppmøte i Riga (5,1 mill. kroner), midlar til sertifisering av forsvarspersonell for samlivskurs (0,08 mill. kroner) og andre forsvarsrelaterte kulturprosjekt (5,4 mill. kroner).

Post 45 Store nyskaffingar

Posten er foreslått redusert med netto 820 mill. kroner.

Redusjonen gjeld m.a. 420,5 mill. kroner som er overført til post 47 Nye bygg og anlegg. Dette utgjer i hovudsak ei likviditetsmessig tilpassing til framdrifta i investeringsprosjekta innanfor høvesvis materiell- og EBA-området.

Det har vore forseinkingar i framdrifta på fleire store materiellprosjekt, og dette har ført til fleire åtgjerder for å setje i gang andre prioriterte prosjekt. Posten er vidare redusert i samband med styrking av tryggleiken til norske styrkar i Meymaneh (39,5 mill. kroner), samt i samband med balansering av drivstoffbeholdningane i Forsvaret (360 mill. kroner).

Redusjonane på posten er eit uttrykk for likviditetsmessige tilpassingar til tidsfasinga i prosjektporlefølja, og er ikkje eit uttrykk for reduksjonar i sektoren sitt behov for investeringar. Redusjonane skuldast mellom anna forhold som forseinkingar i leveransar frå leverandørar innanfor større materiellprosjekt.

Post 47 Nye bygg og anlegg

Regeringa foreslår å auke løyvinga til investeringar i eigedomar, bygg og anlegg (EBA) med 417,8 mill. kroner i 2006. Dette utgjer i hovudsak ei likviditetsmessig tilpassing til framdrifta i investeringsprosjekta innanfor høvesvis materiell- og EBA-området. Det er behov for å auke EBA-investeringane for å oppretthalde verdien av sentrale delar av bygningsmassen. Vidare er det behov for å gjennomføre EBA-prosjekt for å oppnå omstilling og effektivisering, og EBA-behov som følgje av materiellinvesteringar.

Posten er tilført 420,5 mill. kroner frå post 45. Posten er vidare tilført midlar i samband med forlegnings- og kontorbehov på Ørland hovudflystasjon (4,8 mill. kroner).

Posten er vidare redusert med 89 mill. kroner grunna ei rekkje sal av eigedomar der inntektene kjem på eit seinare tidspunkt enn budsjettert (mindreinntekt).

Regeringa foreslår oppretta ein post 47 under kap. 1792 Norske styrkar i utlandet for å synleggjere utgifter til investeringar i nybygg og nyanlegg ved internasjonale operasjonar, jf. tilsvarende forslag i St.prp. nr. 1 (2006-2007). Utgiftene omfattar investeringar i samband med ny leir i Afghanistan (Meymaneh 81,5 mill. kroner).

Post 50 Overføring til Statens Pensjonskasse

Posten er foreslått auka med 58 mill. kroner i samband med finansieringa av meirutgifter til Statens Pensjonskasse.

Post 70 Renter låneordning

Posten er foreslått redusert med 5,5 mill. kroner i samband med ei teknisk justering grunna ei feilpostering på post 70 i 2005.

2.2 Inntekter

Det er registrert netto meirinntekter på 240 mill. kroner.

Post 1 Driftsinntekter

Følgjande vesentlege endringar er gjort på dei einskilde inntektskapitla:

Kap. 4720 Felles leiings- og kommandoapparat

Kapitlet er auka med 16,4 mill. kroner. Auken skuldast refusjon av Forsvarets utgifter i samband med tsunamien i 2005 (17 mill. kroner). Reduksjonen skuldast ei teknisk flytting av inntekter mellom kapitla (0,6 mill. kroner).

Kap. 4725 Fellesinstitusjonar og utgifter under Forsvarsstaben

Kapitlet er auka med 5,4 mill. kroner som i hovudsak gjeld auka inntekter til Forsvarets sanitet (4 mill. kroner). Anna auke skuldast teknisk flytting av inntekter mellom kapitla (1,4 mill. kroner).

Kap. 4731 Hæren

Kapitlet er redusert med 1,4 mill. kroner. Reduksjonen skuldast teknisk flytting av inntekter mellom kapitla.

Kap. 4732 Sjøforsvaret

Kapitlet er redusert med 0,7 mill. kroner. Reduksjonen skuldast teknisk flytting av inntekter mellom kapitla.

Kap. 4733 Luftforsvaret

Kapitlet er auka med 75 mill. kroner. Overgang til bruttofakturering med AVINOR, som følgje av meir-verdiavgift på tenestene, medfører at inntekt med tilsvarende utgift no må posterast som inntekt.

Kap. 4740 Forsvarets logistikkorganisasjon

Kapitlet er auka med 234 mill. kroner. Endringar på posten er av teknisk karakter, og skuldast i hovudsak sal av drivstoff og utleige av EBA og materiell til allierte styrkar på øving i Noreg. Meirinntekta har ein tilsvarende ikkje-budsjettet utgift i 2006.

Post 47 Sal av eigedom

Kapitlet er foreslått redusert med 89 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak sal av ei rekke eigedomar der inntektene kjem på eit seinare tidspunkt enn budsjettet. Regjeringa ser positivt på forkjøpsretten for kommunar og fylkeskommunar ved sal av eigedom frå Forsvaret. Dette har i enkelte høve ført til forseinkingar i salsprosessen og dermed forseinka inntekter til Forsvaret i 2006.

3. INFORMASJONSSAKER

3.1 Stiftelsen Militærhistorisk Forum Østlandet og Forsvarets Flysamling på Gardermoen

Stiftelsen Militærhistorisk Forum Østlandet (SMFØ) har frå våren 2000 utstilt Forsvarets flysamling på Gardermoen (FFG), til glede for publikum i austlandsregionen. I den seinare tid har stiftinga sine driftskostnader auka vesentleg, noko som har ført til mangel på driftskapital. For å handtere situasjonen, har SMFØ utarbeidd ein forretningsplan som har som målsetjing å styrke kundegrunnlaget og gjere stiftinga berekraftig

innan tre år. Stiftinga inngjekk difor i 2004 ein intenjsjonsavtale om eit nærmare samarbeid med Norsk Luftfartsmuseum i Bodø. Røynslene med avtalen er så langt positive på fleire område, og samarbeidet skal utviklast vidare. Også Ullensaker kommune ynskjer samarbeid med stiftinga, og har gjeve lovnad om å legge til rette for at stiftinga skal få gode arbeids- og utviklingskår. Alt i alt synest det på sikt å vere lagt godt til rette for ei berekraftig drift av flysamlinga utan støtte frå staten, men det føreset ei viss støtte i etablerings-/oppbyggingsfasen. Forsvarsdepartementet meiner det er gode grunnar for å gje ei slik støtte.

Samstundes viser ein til Stortinget si utseg i 1997 om at SMFØ skulle ta seg av drifta utan kostnader for staten, jf. Innst. S. nr. 303 (1996-1997), jf. St.prp. nr. 57 (1996-1997). I denne utsegna heiter det:

"... stiftelsen vil selv ta seg av driften av samlingen uten kostnader for staten og at inntektene fra publikumsfasilitetene, helt eller delvis, skal finansiere driften ..."

Departementet meiner at desse omsyna kan balanserast ved at stiftinga vert gjeve eit eingongstilskot på 2,25 mill. kroner til å dekkje driftsutgifter og å gjenomføre forretningsplanen si målsetjing om å utvikle eit langsiktig kundegrunnlag. Det er også ein føresetnad at stiftinga, dersom den opphavelige planen viser seg å vere for optimistisk, justerer aktiviteten tidsnok til at tilskottet kan medverke til å sikre vidare drift, med eit lågare ambisjonsnivå og utan støtte over forsvarsbudsjettet. Dette inneber likevel ikkje at stiftinga vil vere forhindra frå å nytte andre offentlege støtteordningar.

4. KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bendiks H. Arnesen, Thorbjørn Jagland og Signe Øye, fra Fremskrittspartiet, Per Roar Bredvold, Henning Skumsvoll og Per Ove Width, fra Høyre, lederen Jan Petersen, og fra Sosialistisk Venstreparti, Bjørn Jacobsen, er enig i at omgrupperingsproposisjonen er et nødvendig verktøy i økonomiforvaltningen. Komiteen har merket seg at departementet legger vekt på at dette vil gi muligheter for en samlet og riktig formalisering av endrede forutsetninger.

Komiteen har merket seg at budsjettendringene er omfattende, men at mange er av teknisk art. Samlet sett utgjør omgrupperingen en økning i bevilgningen til Forsvarsdepartementet på 265 mill. kroner.

Komiteen viser til Forsvarsdepartementets brev til komiteen datert 7. desember 2006, som gir svar på spørsmål om utdyping av omgrupperingene innenfor post 45 Store Nyanskaffelser og post 47 Nye bygg og anlegg i St.prp. nr. 19 (2006-2007).

Komiteen vil understreke at materiellinvesteringer er en viktig forutsetning for omstillingen av Forsvaret og merker seg at fremdriften ikke er som forventet. Komiteen forstår det slik at de foreslårte

omdisponeringer gir større effekt på kort sikt og slutter seg derfor til forslaget. Komiteen vil imidlertid peke på at det er uheldig om materiellinvesteringene skyves

varig ut i tid og legger til grunn at departementet vil søke å ta igjen tidstapet så snart som mulig.

5. KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

I statsbudsjettet for 2006 blir det gjort følgjande endringar:

Kap	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
1700		Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 308 371 000 til kr 317 071 000	8 700 000
1710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 1 490 000 000 til kr 1 826 300 000	336 300 000
1719		Fellesutgifter og tilskott til føretak under Forsvarsdepartementet	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 413 467 000 til kr 380 069 000	33 398 000
	43	Til disposisjon for Forsvarsdepartementet, vert redusert med frå kr 20 000 000 til kr 0	20 000 000
1720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 2 201 646 000 til kr 1 961 894 000	239 752 000
	50	Overføringer til Statens pensjonskasse, <i>kan overførast</i> , vert auka med frå kr 160 000 000 til kr 218 000 000	58 000 000
	70	Renter låneordning, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 5 500 000 til kr 0	5 500 000
1725		Fellesinstitusjonar og -utgifter under Forsvarsstaben	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 1 969 428 000 til kr 2 176 192 000	206 764 000
1731		Hæren	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 3 792 960 000 til kr 3 349 721 000	443 239 000
1732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 2 662 231 000 til kr 2 518 604 000	143 627 000
1733		Luftforsvaret	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 3 443 453 000 til kr 3 184 758 000	258 695 000
1734		Heimevernet	
	1	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 1 102 853 000 til kr 1 019 145 000	83 708 000
1740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsutgifter, vert auka med frå kr 2 052 762 000 til kr 3 641 346 000	1 588 584 000
1760		Nyskaffing av materiell og nye bygg og anlegg	
	1	Driftsutgifter, <i>kan nyttast under kap. 1760 post 45</i> , vert redusert med frå kr 782 282 000 til kr 703 543 000	78 739 000

Kap	Post	Formål	Kroner
	45	Større nyskaffingar av utstyr, <i>kan overførast</i> , v e r t r e d u s e r t med	<u>820 000 000</u>
		frå kr 7 415 612 000 til kr 6 595 612 000	
1790		Kystvakta	
	1	Driftsutgifter, v e r t a u k a med	<u>20 494 000</u>
		frå kr 782 233 000 til kr 802 727 000	
1791		Redningstenesta	
	1	Driftsutgifter, v e r t a u k a med	<u>38 800 000</u>
		frå kr 36 900 000 til kr 75 700 000	
1792		Norske styrkar i utlandet	
	1	Driftsutgifter, v e r t a u k a med	<u>51 428 000</u>
		frå kr 841 673 000 til kr 893 101 000	
	47	Nye bygg og anlegg, <i>kan overførast</i> , v e r t a u k a med	<u>81 548 000</u>
		frå kr 0 til kr 81 548 000	
1795		Kulturelle og allmennyttige formål	
	1	Driftsutgifter, v e r t a u k a med	<u>1 040 000</u>
		frå kr 220 266 000 til kr 221 306 000	
		Inntekter	
4710		Forsvarsbygg og nye bygg og anlegg	
	47	Sal av eiendom, v e r t r e d u s e r t med	<u>89 000 000</u>
		frå kr 500 000 000 til kr 411 000 000	
4720		Felles leiings- og kommandoapparat	
	1	Driftsutgifter, v e r t a u k a med	<u>16 443 000</u>
		frå kr 9 826 000 til kr 26 269 000	
4725		Fellesinstitusjonar og inntekter under Forsvarsstabben	
	1	Driftsinntekter, v e r t a u k a med	<u>5 400 000</u>
		frå kr 37 774 000 til kr 43 174 000	
4731		Hæren	
	1	Driftsinntekter, v e r t r e d u s e r t med	<u>1 400 000</u>
		frå kr 4 766 000 til kr 3 366 000	
4732		Sjøforsvaret	
	1	Driftsinntekter, v e r t r e d u s e r t med	<u>659 000</u>
		frå kr 5 674 000 til kr 5 015 000	
4733		Luftforsvaret	
	1	Driftsinntekter, v e r t a u k a med	<u>75 000 000</u>
		frå kr 51 351 000 til kr 126 351 000	
4740		Forsvarets logistikkorganisasjon	
	1	Driftsinntekter, v e r t a u k a med	<u>234 216 000</u>
		frå kr 237 399 000 til kr 471 615 000	

Oslo, i forsvarskomiteen, den 12. desember 2006

Jan Petersen
leder

Signe Øye
ordfører

Vedlegg

Brev fra Forsvarsdepartementet v/statsråden til forsvarskomiteen, datert 7. desember 2006

St.prp. nr. 19 (2006-2007) - spørsmål fra forsvarskomiteen

Det vises til brev av 1. desember 2006 fra forsvarskomiteen vedrørende spørsmål til St.prp. nr. 19 (2006-2007) - omgrupperingsproposisjonen.

Spørsmål 1:

I omgrupperingsproposisjonen er post 45 Store Nyanskaffelser foreslått redusert med netto 820 mill. kroner. Videre sies det at reduksjonen i posten er et uttrykk for likviditetsmessige tilpasninger til tidsfasene i prosjektopteføljen, og ikke et uttrykk for reduksjoner i sektoren sitt behov for investeringer. Hva vil konsekvensen være, og er det mulig å overføre disse midlene til post 45 Store nyanskaffelser til 2007-budsjettet?

Svar:

Kapittel 1760, post 45, har stikkordet "kan overføres", jf. Budsjett-innst. S. nr. 7 (2005-2006), jf. St. prp. nr. 1 (2005-2006). Et eventuelt mindreforbruk på posten er derfor i sin helhet mulig å overføre til 2007. Forslaget er ikke et uttrykk for redusert behov for midler på kapittel 1760, post 45, i planperioden 2005-08 samlet sett. Det er imidlertid slik, som også omtalt i St.prp.nr. 19 (2005-2006), at det blant annet er forsinkelser på leveranser fra leverandører knyttet til større materiellprosjekt. Dette fører til endringer i utbetalingsstidspunkt, som igjen får følger for utbetalingsene.

Materiellinvesteringsvirksomheten i 2007 er dimensjonert på basis av tildelingen på kapittel 1760, post 45, jf. Budsjett-innst. S. nr. 7 (2006-2007), jf St.prp. nr. 1 (2006-2007). Konsekvensen av en overføring av midler til 2007-budsjettet vil måtte sees i sammenheng med den vanligvis lange ledetiden på materiellinvesteringsområdet, det vil si den tid det tar å forberede omsetting av midler.

Når Forsvarsdepartementet (FD) har valgt å foreslå en omgruppning til kapittel 1710, post 47, kapittel 1792, post 01 og kapittel 1740, post 01, er det fordi vi mener at effekten av midlene i 2006 og 2007 vil være større på disse postene, samt at vår mulighet til å omsette midlene på EBA- investeringer i denne perioden er høyere enn for materiellinvesteringer. Det er også hensiktsmessig på kort sikt å forsere investeringer i bygg og anlegg (post 47), da det er stort behov for midler til viktige prosjekter som oppfyller krav til helse, miljø og sikkerhet, eller som skal understøtte omstillingen i 2007. Dette er prosjekter som uansett ligger i planverket og som skal gjennomføres, for eksempel ved Setermoen, Rena og Haakonsvern. Overføringen til kapittel 1792 gjøres i forbindelse med flytting av leiren i Meymaneh (Afghanistan), mens overfø-

ringen til kapittel 1740, post 01, skyldes oppfylling av drivstofflagre, jf. svar på spørsmål 3 nedenfor. Oppsummert er forslagene dels begrunnet med at det er hensiktsmessig å forsere enkelte EBA-prosjekter, dels med omsetningsutfordringer på materiellinvesteringsområdet.

Ingen av forslagene er uttrykk for endringer i planer eller behov, men tidsmessige tilpasninger av prosjekter basert på omstillingsbehov og omsetningsevne.

Spørsmål 2:

420,5 mill. kroner er foreslått overført fra post 45 Store Nyanskaffelser til post 47 Nye bygg og anlegg. Er det mulig overordnet å si noe om hvilke prosjekter disse midlene skal brukes til?

Svar:

Regeringen foreslår å øke bevilgningen i 2006 til investeringer i eiendom, bygg og anlegg (EBA). Dette skyldes både at det for tiden er mulig å forbruke større midler innenfor EBA-området enn på materiellområdet, og at det på kort sikt er hensiktsmessig å forsere en del EBA-prosjekter. Dette er prosjekter som uansett er planlagt gjennomført, for eksempel ved Setermoen, Rena og Haakonsvern.

Kapittel 1792 Norske styrker i utlandet (post 47) foreslås økt med 81,5 mill. kroner i forbindelse med flytting av leiren i Meymaneh (Afghanistan). Dette gjøres for å styrke sikkerheten til de norske styrkene. Stortinget ble informert om dette i Revidert nasjonalbudsjett 2006.

Spørsmål 3:

Post 45 Store Nyanskaffelser er foreslått redusert bl.a. i forbindelse med balansering av drivstoffbeholdningen i Forsvaret, som har en kostnad på 360 mill. kroner. Hva består en slik balansering i og hva slags krav og standarder ligger til grunn for denne balanseringen?

Svar 3:

Forsvaret forbruker årlig drivstoff for flere hundre millioner kroner. Samtidig foreligger det en rekke krav til beredskapsbeholdninger når det gjelder drivstoff, både nasjonalt og i NATO-sammenheng. Nevnte omgruppning av midler for kjøp av drivstoff utgjør en naturlig del av den løpende balanseringen av drivstoffbeholdning, både ift. kontinuerlige driftsforbruk, og for å opprettholde beredskapslagre. Det kan også ta lang tid fra drivstoff kjøpes til det leveres.

